

 <b>OSTERØY KOMMUNE</b>	<b>Reglement</b> <b>HMT - System og organisering</b> HMT og arbeidsmiljø		
	<b>Dokument Id:</b> 532 <b>Versjon:</b> 0 <b>Status:</b> Godkjent	<b>Dokumentansvarlig:</b> Øystein Aadland <b>Forfatter:</b> Øystein Aadland	<b>Godkjent av:</b> Ingvild Kirsti Hjelmtveit

### 1) FØREMÅL:

Prosedyren skal bidra til at Osterøy kommune har tydeleg rollefordeling mellom dei ulike leiarnivåa og arbeider systematisk med HMT-arbeidet på alle nivå i organisasjonen i tråd med internkontrollforskriften

### 2) HEIMEL:

[Forskrift om organisering, leiing og medverknad](#)

[Arbeidstilsynet.no](#)

[Internkontrollforskriften](#)

[Forskrift om godkjent bedriftshelseteneste mv.](#)

[Arbeidsmiljølova](#)

### 3) ANSVAR OG ARBEIDSOPPGÅVER

#### Kommunedirektør

Kommunedirektør har det overordna ansvaret for at det er etablert internkontrollsystem - HMT som dekker krava i henhald til lover og forskrifter, samt følgje opp at det systematiske HMT-arbeidet fungerer tilfredsstillande. Kommunedirektøren er ansvarleg for toppleiinga sin gjennomgang på eit overordna nivå. Den daglege oppfølginga av overordna HMT-arbeidet er delegert til HR-leiar på vegne av kommunedirektøren og inkluderer å koordinere og følgje opp:

- Arbeidsmiljøutval (AMU)
- Utval for inkluderande arbeidsliv (IA)
- Utval for AKAN
- Oppfølging og samarbeid med Bedriftshelseteneste
- Vedlikehald og utvikle dokument i HMT handbok og overordna styringsdokument i kvalitetshandbok
- Oppfølging av Hovudverneombod og verneomboda sine møtearenaer
- Systemansvar:
  - Kvalitetssystemet Netpower
  - Avvikssystem
  - Statistikk om sjukefråvær/nærvær

#### Kommunalsjef

Kommunalsjef har ansvar for å etablere og følgje opp internkontrollsystemet i eigen sektor. Det fører med å implementere og følgje opp overordna tiltak frå råd og utval, samt andre avgjersler som er fatta av kommunedirektøren sitt toppleiarteam.

#### Einingsleiar

Einingsleiar har ansvar for å etablere og følgje opp internkontrollsystemet i eigen eining. Det fører med å etablere prosedyrar og teneste ROS knytt til HMT for den enkelte eining. Prosedyrane og teneste ROS skal vere tilpassa eininga sine spesifikke utfordringar knytt til HMT i drifta, risikoforhold og arbeidsmiljø. Prosedyrane skal vere publisert i kommunen sin kvalitetshandbok og vere tilgjengeleg for tilsette, verneombod og andre statlege organ som fører tilsyn med kommunen.

Vær oppmerksom på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

Reglement HMT - System og organisering	Godkjent av: Ingvild Kirsti Hjelmtveit	Dokument Id: 532 - Versjon: 0	Utskriftsdato: 13.06.2023
Dokumentansvarlig: Øystein Aadland			Side 1 Av 3

## Lokale trepartssamarbeid (Lokale IA-grupper)

Kvar eining skal ha lokale IA-grupper der følgjande roller er representert:

- Einingsleiar/avdelingsleiar
- Verneombod
- Plasstillitsvalt (inntil to)

Lokal IA-grupper skal drøfte arbeidsmiljøspørsmål til dømes:

- HMT årshjul
- IA arbeid/sjukefråvær
- Avvik/uønska hendingar
- Risikovurderingar
- Vernerunder/gjennomgang av kartleggingar
- Verneutstyr og førstehjelpsutstyr
- Arbeidsmiljøtiltak
- Medarbeidarundersøkinga
- AKAN
- Nye rutinar, reglement og prosedyrar knytt til HMT
- Brannøvingar og kontroll av slukningsutstyr

## Arbeidsmiljøutval (AMU)

Arbeidsmiljøutvalet skal bidra til eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i Osterøy kommune og medverke til gjennomføring, oppfølging og revisjon av internkontroll. Arbeidsmiljøutvalet er sett saman av 11 representantar delt mellom fem frå kommunedirektøren sitt toppleiarteam, Hovudverneombod, representant frå bedriftshelsetenesta og fire representantar frå dei tilsette. Arbeidsmiljøutvalet skal følgje opp oppgåver etter arbeidsmiljølova og etter forskrift om organisering, leing og medverknad.

[Les meir om oppgåver til AMU på Arbeidstilsynet sine sider](#)

## IA-utval

IA utvalet er eit underutval av AMU og utfører arbeid på bestilling frå AMU. IA utvalet har oppgåver knytt til inkluderande arbeidsliv, førebyggjande sjukefråværsarbeid, utforming av retningsliner og prosedyrar, opplæring og informasjonsarbeid. IA utvalet er sett saman av ein leiar frå kvar av dei tre sektorane, to representantar frå HR-avdelinga, NAV arbeidslivssenter og Hovudtillitsvalte i kommunen.

## AKAN-utval

AKAN utvalet er eit underutval av AMU og arbeider med saker knytt til rusmiddelbruk og spill, og førebyggje rus- og spillavhengigheit samt problema knytt til dette. AKAN er sett saman av representant frå HR, Hovudverneombod og to AKAN kontaktar i kommunen.

## Varslingsutval

Varslingsutvalet består av 6 personar: leiar av utvalet, ein representant frå kvar sektor, hovudverneombod og ein tilsett frå HR som er sekretær for utvalet.

Varslingsutvalet:

- skal handsame alle mottekne varsel
- er ansvarleg for varslinga når saka er registrert i kommunen sitt dokument og arkivsystem og sakshandsamar (sekretær) er definert.
- er ansvarleg for eventuell informasjon og tilbakemelding til varslinga.

Vær oppmerksom på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

Reglement HMT - System og organisering	Godkjent av: Ingvild Kirsti Hjelmtveit	Dokument id: 532 - Versjon: 0	Utskriftsdato: 13.06.2023
Dokumentansvarlig: Øystein Aadland			Side 2 Av 3

- må utnemne ein ny leiar i dei tilfelle leiar for varslingsutvalet er inhabil. Kven som er leiar vil mellom anna avhenge av kven som kan sitje i utvalet i den aktuelle saka. Ny leiar i utvalet blir valt mellom medlemmene i utvalet. Rådmann utpeiker min. 1 vararepresentant dersom to medlemmer trer ut av utvalet grunna habilitet.

## Verneombod

Det skal veljast verneombod for alle verneområde. Verneombodet skal teke i vare dei tilsette sine interesser i arbeidsmiljøsaker og delta i eininga sin lokale IA gruppe. Verneombodet sine arbeidsoppgåver er definert i arbeidsmiljølova § 6-2 samt forskrift om organisering, leiing og medverknad, kap. 3. Einingsleiar har ansvar for at det blir valt verneombod. Det er arbeidstakarorganisasjonane som organiserer val av verneombod på bestilling frå einingsleiar.

## Hovudverneombod

Hovudverneombod blir valt etter "forskrift om organisering, leiing og medverknad § 3-5.

Hovudverneombodet sine sentrale oppgåver:

- samordne verneomboda sine aktivitetar
- gi støtte og rettleiing i verneomboda sitt arbeid
- vere ein sentral pådrivar for HMT-arbeidet
- avgjere kva verneombod ein sak høyrer inn under, dersom det er tvil
- delta i arbeidsmiljøutval med tale, forslags og stemmerett
- vere involvert i omfattande endringar i verksemda, t.d. byggearbeid, omstillingsprosessar og rasjonaliseringar
- informere verneomboda om forhold som er av betydning for heile organisasjonen
- Medverke til ei positiv utvikling av arbeidsmiljøet i kommunen

## Ansvarleg for Miljøfyrtårn

Følgje opp miljøarbeidet i organisasjonen på "hovudkontor" inkludert årleg klima og miljørapportering. Eigne prosedyrar kjem.

## Bedriftshelseteneste

Bedriftshelsetenesta skal hjelpe einingane med å nå sine mål for helse, miljø og tryggleik. Oppgåvene er definert i "forskrift om godkjent bedriftshelseteneste mv. kapittel II. Kvar sektor skal i samarbeid med bedriftshelsetenesta utarbeide årleg samarbeidsplan som blir handsama i AMU. HR-avdelinga er kontaktpunkt for bestilling av tenester frå bedriftshelsetenesta. Bestilling skjer via eget bestillingsskjema på kommunen sine SharePoint sider.

## Den tilsette

Den tilsette skal medverke ved gjennomføring av tiltak som blir satt i verk for å skape eit sunt og trygt arbeidsmiljø, og delta i det organiserte verne - og miljøarbeid i verksemda.

## VEDLEGG:

[Oversikt over verneombod](#)

[Heimeside til bedriftshelseteneste](#)